

# Referat

**Til** Kvamskogen Vel  
Ordfører Astrid Farestveit Selsvold

**Dato:** 21.04.2010

**Frå** Lars Kristian Vikøy

**Vår ref:** 09/872-113/N-  
111.2//LARVIK

## Referat frå møte med Kvamskogen Vel 16.04.2010

<b>Møte</b>		<b>Referat</b>		
<b>Dato</b>	16.04.2010	<b>Deltakarar</b>	Frå Kvam herad: Astrid F. Selsvold, Per Øyvind Tveiten, Lars Kristian Vikøy, Frå Kvamskogen Vel: Erik Bjerring Hansen Berit Ellefsen Joachim Nielsen Erling Mikkelsen	
<b>Stad</b>	Rådhuset i Norheimsund	<b>Forfall</b>		
<b>Referent</b>	Lars Kristian Vikøy	<b>Kopi</b>	Kvamskogen Vel v/Erik Bjerring Hansen	

Bakgrunnen for møtet var brev datert hhv 19.12.2008 og 14.11.2009 med spørsmål frå Kvamskogen Vel i samband med innføring av eigedomsskatt i Kvam herad frå 2010 og svarbrev frå Kvam herad datert 15.03.2010.

Ordføraren starta møtet med å informera om ny delplan for Kvamskogen som skal handsamast før sommarferien. Kvamskogen Vel vert invitert til ein gjennomgang av planen i samband med at den skal handsamast politisk. Det er avtalt møte fredag 28. mai 2010 kl. 13.00 på rådhuset i Norheimsund.

Ordføraren informerte vidare om Kvammapakken der det bl.a. er sett av 10 mill. kr. til trafikksikring på Kvamskogen. Ordføraren inviterte til dialog om kva som er best utnytting av desse midlane. Gang – og sykkelsti, samt gatelys vart nemnt som moglege tiltak, men dette vil ein koma attende til seinare.

Erik Bjerring Hansen, formann i Kvamskogen Vel, informerte om at hytteeigarane ønskte noko tilbake i samband med at det vert innført eigedomsskatt i Kvam. Døme på kva som kan vera ønskjelege tiltak er; betre løypepreparering, lysløype, offentleg toalett, betre turstiar (grusa vegar). Kvamskogen Vel lagar ei prioritert liste over tiltak dei ønskjer gjennomført på Kvamskogen.

Det kom også fram kritikk til Kvam herad i høve til campingplassar utan ”styring”, mellombelse vegar som ikkje er stengte, oppfølging av kommunale vedtak og problem med renovasjon, bl.a. at fastbuande i Kvam nyttar oppsamlingsplassane for avfall på Kvamskogen. Teknisk sjef; Per Øyvind Tveiten, informerte om at det er BIR som har ansvaret for renovasjonen i Kvam og at han tek kontakt med BIR for å vurdere tiltak som t.d. å flytta containerane bak låste bommar.

Kvamskogen Vel gav også uttrykk for at både eigedomsskatt og bompengar var noko dei ikkje likte og at det kunne få konsekvensar i form av ein boikottaksjon blant hytteeigarane på Kvamskogen mot Kvam herad. Blant tiltaka vart det nemnt mindre handling i Kvam, bruka andre kraftverk enn Kvam kraftverk, arbeida for å etablera Vinmonopol i Samnanger og flytta Kvamskogen til Samnanger.

Per Øyvind Tveiten orienterte litt om den historiske utviklinga på Kvamskogen når det gjaldt VAR – området, bl.a. tok Kvam herad ein stor sjanse når dei gjekk i gang med utbygginga av VA etter krav frå Fylkesmannen då det ikkje var plikt til å knyta seg til VA - anlegget. Tveiten informerte vidare om arbeidet med taksering av eigedomane på Kvamskogen. Ut frå omsetningsverdiane på Kvamskogen dei siste åra, ligg eigedomsskattetakstane på 30-40 % av omsetningsverdi. Samla verdi på Kvamskogen er om lag 1,3 mrd. kr. og med 2,5 promille i eigedomsskatt vert dette 3,25 mill. kr. i eigedomsskatt.

Administrasjonen i Kvam herad vil i samband med kvartalsrapporten som skal leggjast fram for politisk handsaming i mai/juni, sjå på moglegheitene for å auka tilskotet til løypepreparering i inneverande budsjettår.

I tillegg til møtet i mai, var det semje om å halda eit nytt møte i september i samband med førebuing til budsjettet for 2011.

**Mottakarar:**

Kvamskogen vel v/ Erik                      Postboks 245 Indre Arna                      5888                      Bergen  
Bjerring Hansen  
Astrid Farestveit Selsvold  
Per Øyvind Tveiten

Lars Kristian Vikøy  
Økonomisjef